



Lov om rettshøve mellom grannar (grannelova)

Dato	LOV-1961-06-16-15
Departement	Justis- og beredskapsdepartementet
Sist endret	LOV-2016-04-22-3
Publisert	ISBN 82-504-1152-8
Ikraftredelse	
Endrer	
Kunngjort	
Korttittel	Grannelova - gl

Korttittelsen føyd til med lov 24 nov 2000 nr. 82 (ikr. 1 jan 2001, etter res. 24 nov 2000 nr. 1169). - Jf. lover 5 mai 1961 (grannegjerdelova), 13 mars 1981 nr. 6 (forurensningslova) § 10, 24 nov 2000 nr. 82 (vannressurslova) § 6. - Jf. *tidlegare* lov 27 mai 1887 nr. 1.

Ålmenne føresegner.

§ 1. Føresegnene i denne lova gjeld berre så langt anna ikkje fylgjer av avtale eller serlege rettshøve.

§ 2. Ingen må ha, gjera eller setja i verk noko som urimeleg eller uturvande er til skade eller ulempe på granneeigedom. Inn under ulempe går òg at noko må reknast for farleg.

I avgjerda om noko er urimeleg eller uturvande, skal det leggjast vekt på kva som er teknisk og økonomisk mogeleg å gjera for å hindra eller avgrensa skaden eller ulempa. Det skal jamvel takast omsyn til naturmangfaldet på staden.

I avgjerda om noko er venteleg, skal det vidare leggjast vekt på om det er venteleg etter tilhøva på staden og om det er verre enn det som plar fylgja av vanlege bruks- eller driftsmåtar på slike stader.

Jamvel om noko er venteleg eller vanleg etter tredje stykket, kan det reknast som urimeleg så langt som det fører til ei monaleg forverring av brukstilhøva som berre eller i særleg grad råkar ein avgrensa krins av personar.

⁰ Endra med lover 16 juni 1989 nr. 67, 19 juni 2009 nr. 100 (ikr. 1 juli 2009 iflg. res. 19 juni 2009 nr. 704).

§ 3. Er det ikkje nemnande om å gjera for eigaren eller for naturmangfaldet på staden, må eigaren ikkje ha tre som er til skade eller serleg ulempe for